



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: Karlsen, Marte Ruvang
Vår: 17/1181 - 18/6615

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

27.02.2018

Merknadar til krav om sakskostnadar - gbnr 129/6 Titland Søndre

Viser til dykkar oversending av sakskostnadskrav til uttale datert 23.02.2018.

Fylkesmannen ber om uttale til framsett krav om dekning av sakskostnadar på kr. 14 700,- frå Trond Tystad.

Trond Tystad er dagleg leiar i Cardo 8614 AS og er eigar av to eigedommar på Nappane, gbnr 129/10 og 13. Han har eigeninteresse i denne saka, og har status som part.

Det følgjer av forvaltningslova § 36 at «Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket (...)»

Lindås kommune viser til at Tystad sjølv har bruk si tid på utarbeiding av klagen gjennom sin rolle i føretaket sitt Cardo 8614 AS. Det går og fram i det framsatte kravet at «Klagers utgift til dette har vært benyttelse av undertegnades firma Cardo 8614 AS i 14 timer, som elles ville vært benyttet til timefakturert arbeid for andre kunder».

I juridisk litteratur «Forvaltningsloven i kommunene» 1.utgave 2011 på s. 548 står det «partens «tap» i form av den tiden han selv bruker på saken, kan ikke kreves dekket».

Lindås kommune meiner at Cardo 8614 AS si rolle i denne saka er gjennom Tystad som part i saka. Vidare er vår vurdering at dei utgiftene som vert krevd dekkja, er som følgje av at Tystad har brukt sin rolle i føretaket på å fremja sine partsinteresser i saka. Vi gjer og merksam på at det ved innsending av merknad til klage på avslag om dispensasjon og bruksendring i brev datert 31.07.2017 frå Tystad/Cardo 8614 AS er vist til at «oppdragsgiver har styrende innflytelse på Cardo 8614 AS, men gjennomgangen er gjort av det planfaglige firmaet som en normal vurdering. Oppdraget er gjort pro bono publico (gratis til samfunnets beste)».

På bakgrunn av dette meiner Lindås kommune at vilkåra i forvaltningslova § 36 ikkje er stetta og at det ikkje er grunnlag for å dekkja kravet frå Tystad.

Øvrig merknad:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



I den innsendte klagen frå Tystad/Cardo 8614 AS er det vist til at han representerar seg sjølv og ei gruppe på ca 50 som har levert protest. Desse 50 er ikkje navngitt i klageskrivet.

Dersom det skulle vert innvilga sakskostnader vil truleg desse kunne setja fram krav som part i saka, på bakgrunn av utgifter dei har hatt som følgje av at Cardo 8614 AS har representert dei i klagesaka.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt avdelingsleiar Siril Therese Sylta.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Nappane innspill klage
klage på dispensasjon Nappane Søre Titland

Kopi til:

Trond Tystad	Øvre Blekeveien 20	5003	BERGEN
--------------	-----------------------	------	--------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------